

PRESSEMELDING OM KORONAVIRUSET

Volda kommune 19.03.2020



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset – Ein person påvist smitta i Volda

Smitta er i lokalsamfunnet. Koronaviruset er no påvist i Volda, og vedkomande har vorte smitta innanlands. Helsetenesta lokaliserer kontaktpersonar til den smitta og gjer tiltak for å unngå smittespreiing. Ein må likevel vere budd på at smitta er i lokalsamfunnet. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Avgrensa testing. På grunn av manglande kapasitet til å gjennomføre testing og analysering av testane, har Folkehelsedirektoratet sett avgrensingar i kven som kan få teste seg til å gjelde:

- Pasientar med akutt innsettande luftvegsinfeksjon* med behov for innlegging
- Innlagte pasientar i alle helseinstitusjonar med akutt luftvegsinfeksjon
- Tilsette i helsetenesta med pasientnært arbeid med akutt innsettande luftvegsinfeksjon
- Person med akutt luftvegsinfeksjon som har vore i nærkontakt med eit stadfesta tilfelle av covid-19.
- Spesielt sårbare grupper bør vurderast for testing sjølv ved milde symptom

(*akutt luftvegsinfeksjon med minst eitt av symptomane feber, hoste, kortpustethet)

Andre personer med symptom på akutt luftvegsinfeksjon som ikkje kjem innunder nokon av dei nemnde gruppene, vil vanlegvis ikkje verte testa. Dei bør halde seg heime til eitt døgn etter at dei er symptomfrie. Nærkontaktane deira treng ikkje å vere i karantene, men bør følgje med på eiga helse. Ved symptom bør også dei halde seg heime til eitt døgn etter at dei er frie for symptom.

Testane som vert gjort i Volda vert sendt til Molde for analysering. Det tek to dagar å få fram resultatane.

Følg råda. Det er svært viktig at du følgjer råda frå helsemyndighetene for å hindre at du vert smitta og smittar andre. Tiltaka er sett i verk for å unngå smitte og forsinke smittespreiinga. Du finn råd på kommunen si heimeside og Folkehelseinstituttet sine sider og i dei lokale media. Hugs at dette viruset (Covid 19/korona) er så aggressivt smittsamt, at dersom innbyggjarane har fysisk kontakt eller slurvar med handvask og hygiene, så kan viruset spreie seg svært raskt.

Håpet er at utviklingsforløpet kan handterast innanfor helsevesenet sin kapasitet. For at vi skal lykkast med det, må du som innbyggjar vere tolmodig og halde fram med å ta ansvar.

Legetenesta. Volda kommune takkar for at folk viser omsyn og ikkje tek kontakt med legetenesta om ting som kan vente. Ingen må møte opp på teststasjonen eller nokon av legekontora utan avtale på førehand. Legekontora brukar videokonsultasjonar og telefonar for å hjelpe. Dei som treng særskilt hjelp får kome til legetime etter avtale. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

Nabohjelp er viktig vidare framover. I kriser er det viktig å hjelpe kvarandre. Ver svært nøye med hygiene og førebygg mot at du sjølv eller andre vert smitta. Tenk gjerne over om det er nokon som kan ha behov for ei ekstra telefonsamtale i denne perioden.

Volda følgjer helsemyndigheitene sine råd og pålegg. Volda følgjer dei nasjonale pålegga og råda for karantene. Nye tiltak bør primært kome frå sentrale helsemyndigheiter for å vere samordna og ha effekt.

Omsut for alle som opplever usikkerheit. Dette er ei krise som ein veit vil gå over, men det er ein situasjon vi ikkje har opplevd før. Vi veit derfor ikkje kor lenge det vil gå, og kva det følgjer med seg. Ordføraren sine tankar går til alle som opplever usikkerheit i denne tida, og særleg til dei som vert sjuke og til dei som får usikkerheit knytt til eiga næring eller arbeidsplass. Det vert ein stor nasjonal fellesdugnad å få samfunnet attende i normal gjenge.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.